

Notat

Til: Fylkesutvalet, møte 25.11.19

Frå: Fylkesrådmannen

Endring av vedtektene til Njøs Næringsutvikling AS

Fylkeskommunen eig 22,2 % av aksjane i Njøs Næringsutvikling AS. Selskapet er nærare omtala i Eigarmelding 2019. Føremål til selskapet er ifølgje vedtektene § 2:

å drive med rådgjeving, produkt-/marknadsutvikling, leie utviklingsprosjekt primært retta mot frukt og bær og andre prioriterte landbruksprodukt. Vidare skal selskapet kunne investere i andre selskap i same bransje.

Styret i selskapet har kalla inn til ekstraordinær generalforsamling 26.11.19 der eigarane skal handsame ei sak om endring av selskapet sitt namn (vedtektene § 1) og føremål (vedtektene § 2). Forslaget går ut på at namnet skal endrast til "Njøs frukt- og bærserver AS", og at føremålet skal lyde som følgjer:

Selskapet skal være nasjonalt foredlingscenter for norske frukt- og bærarter. Selskapet skal kunna investera i andre selskap i same bransje, og kan bidra i regionale og nasjonale utviklingsprosjektar.

Bakgrunnen for vedtektsendringa går fram av vedlagde prospekt om Njøs frukt- og bærserver. Styret i Graminor AS¹ har vedteke å flytte jordbærforedlinga til Njøs, og dermed samle all frukt- og bærforedling på Njøs. Føresetnaden for å realisere flyttinga er ifølgje prospektet at "det vert bygd opp tilfredsstillande infrastruktur på stasjonen, og at det vert rigga eit driftsselskap med tilstrekkeleg storleik og kompetanse til å løysa samfunnsopdraget". I prospektet er det difor lagt opp til ei ny organisering:

Det skal etablerast eit driftsselskap – Norsk² frukt- og bærserver AS, og eit eigedomsselskap Njøs eigedom AS. Norsk frukt- og bærserver AS er ei vidareføring av Njøs næringsutvikling AS, medan Njøs eigedom skal kjøpa eigedomen på Njøs av Bjørke eiendom AS. [...]

Norsk frukt- og bærserver og Njøs eigedom vert skipa som separate aksjeselskap. Norsk frukt- og bærserver vil ha eit ideelt føremål, då resultatane av aktiviteten i selskapet i hovudsak vil koma fellesskapet til gode, og ein stor del av aktiviteten er finansiert gjennom offentlege midlar. Selskapet vert til gjennom namne- og vedtektsendringar i Njøs næringsutvikling AS.

Det krevst mykje midlar for å gjera dei nødvendige investeringar i infrastruktur.

Gjennom tertial 1/19 vedtok fylkestinget å gje eit tilskot på 2 mill. kr. til Njøs Næringsutvikling og prosjektet Infrastruktur ved Njøs Eigedom som grunnlag for drift av Norsk² frukt- og bærserver på Leikanger. I tillegg har hovudutvalet for næring og kultur sett av 4 mill. kr. til same føremål i sak

¹ Staten har gitt samfunnsopdraget med utvikling av nye sortar (sortsforedling) til Graminor AS.

² I prospektet var det lagt opp til at namnet skulle endrast til "Norsk frukt- og bærserver AS". Selskapet har fått nokre reaksjonar på bruken av ordet "norsk" i namnet. Forslaget til generalforsamlinga er difor at namnet skal endrast til "Njøs frukt- og bærserver AS".

31/19. Tilskota er nærare omtala i saka «Endringar i budsjettet for 2019» som fylkesrådmannen legg fram for fylkesutvalet 25.11.19.

For meir informasjon om bakgrunnen for vedtektsendringa og den nye organiseringa syner eg til vedlagde prospekt, HNK-sak 31/19 og Eigarmelding 2019. Eg gjer merksam på at det er gjort nokre endringar i budsjettet og finansieringsmodellen i høve det som står i prospektet.

Vedtektsendringane er ein del av den planlagde omorganiseringa som følgje av flyttinga av jordbærforedlinga og satsinga på Njøs.

Fylkesrådmannen vurderer at fylkeskommunen sin eigarutsending bør stemme for endringane, men ber om fylkesutvalet sine ev. merknadar til styret sitt framlegg om vedtektsendring.

Eg gjer for ordens skuld merksam styret innstiller på at namnet «Norsk frukt- og bærsepter AS» vert endra til «Njøs frukt- og bærsepter AS». Jf. fotnote nr 2 på side 1 i dette notatet.

Vedlegg:

Prospekt – Norsk frukt- og bærsepter

Andre dokument i saka:

Innkalling til ekstraordinær generalforsamling

Gjeldande vedtekter

Framlegg til nye vedtekter